



Ottar Reed Bugge  
Flaktveitvegen 376  
5134 FLAKTVEIT

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4977 - 15/1653

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
27.01.2015

## Utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 195/75 Leiknes.

**Administrativt vedtak. Saknr: 026/15**

**Tiltakshavar:** Tone Jacobsen Bugge

**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknaden om utsleppsløyve for fritidshus på gbnr 195/75. Avlaupet skal reinsast i slamavskiljar før det vert ført vidare til eksisterande felles avlaupsleidning som går til sjø. Eigedomane gbnr 195/146, 195/147 og 195/148 er i dag tilknytt leidningen. Storleiken til utsleppet frå eigedomen er opplyst til 6 pe og det samla utslepp frå fellesleidningen er opplyst til 24 pe (4 x 6pe). Utsleppsdjupna er 60 m.

Det vert elles vist til søknad mottatt 27.05.201, supplert 25.11.2014.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggjeområde for bustadar. Det er i vedtak datert 23.01.2015 gitt dispensasjon frå kravet om utarbeiding av reguleringsplan, jf punkt 1.1 i føresegnene til kommuneplanen.

#### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

#### Plassering



Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 13.05.2014.

### **Reinseløysing**

Avlaupet skal reinsast i slamavskiljar før det vert ført vidare til eksisterande utsleppsleidning som går til sjø. Reinseløysing stettar krava til utsleppsstad i mindre følsamt området, jf forureiningsforskrifta § 12-9. Det ligg ikkje føre opplysningar om særskilde brukarinteresser i området.

### **Privatrettslege tilhøve**

Det ligg føre avtale med rett for gbnr 195/75 til å knyta seg til eksisterande felles utsleppsleidning og avtale med rett til å leggja leidning over privat eigedom. Slike private avtalar bør tinglysast på eigedomane.

### **Drift og vedlikehald**

Eigedomen skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga. Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

### **VURDERING**

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre.

Kommunen føreset at den etablerte avlaupsleidningen har tilstrekkeleg kapasitet og er ført ut på tilfredsstillande djupne.

Eigarane av anlegget er ansvarleg for forureining frå anlegget. Dersom det oppstår forureining som følgje av utsleppet eller reinsekrava i resipienten vert endra, kan eigarane av anlegget få pålegg om oppgradering av anlegget.

Reinseløysinga krev slamtømming og eigedomen skal knytast til den kommunale slamtømmeordninga.

Slamavskiljarar for fritidsbustadar skal tømmast ikkje sjeldnare enn kvart 4. år, for forureiningsforskrifta § 12-13.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Tiltaket er eit søknadspliktig tiltak etter reglane i plan- og bygningslova § 20-1. Naudsynt løyve må liggja føre før anlegget kan etablerast. Søknad må sendast inn av føretak som kan godkjennast for ansvarsrett.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for 1 fritidsbustad, 6 pe, i samsvar med søknad mottatt 27.05.2014 og på følgjande vilkår:**

1. Avlaupet skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før avlaupet vert ført i tett, nedgraven leidning til eksisterande utsleppsleidning som går til sjø.
2. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.
3. Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slik vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
5. Løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 må liggja føre før arbeidet kan ta til.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

### **Ferdigstilling**

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

### **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

**GEBYR**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3	Utslepp < 50 pe	1	Kr 5 300,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 300,-

**Klage over gebyr**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4977.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Ottar Reed Bugge

Flaktveitvegen 376 5134

FLAKTVEIT